

Kort omtale av nokre av offenleglovas unntaksføresegn

Offentleglova § 14

Offentleglova § 14 unntek frå innsyn dokumenter som kommunen sjølv har utarbeid for si interne saksbehandling. Dette gjeld framlegg, utkast, konsept skisser, utgreiingar og liknande arbeidsokument som blir utarbeid for den interne saksbehandlingen i kommunen. Dersom dokumentet er blitt sendt ut av kommunen til utanforståande i original eller som kopi, vil det som hovudregel ikkje lenger være mogleg å unnta dokumentet med heimel i offentleglova § 14.

Offentleglova § 21

I følge denne føresegna kan det gjerast unntak frå innsyn for opplysningar når det er påkravd av nasjonale tryggingssyn eller forsvaret av landet. Føresegna gir berre heimel for å unnta opplysningar i et dokument og ikkje heile dokumentet som sådan. At unntak frå innsyn skal vere påkravd inneber at det må vere ein verkeleg fare for at innsyn kan medføre skadeverknadar av eit vist omfang f.eks på det sivile beredskapsopplegget i samfunnet. Dersom det er svært sannsyneleg at skadverknadar vil oppstå ved offentliggjerding, krevst det ikkje at skadeverknadane må vere like store som i situasjonar der det er lite sannsynleg at skadverknadar vil oppstå.

Fylkesmannen antar at bestemmelsen også gir heimel for å unnta i utgangspunktet også mindre sensitive opplysningar dersom desse opplysningane i kombinasjon med andre offentlig kjente opplysningar kan røpe informasjon om det sivile beredskapsopplegget i landet som det er påkravd å halde hemmelig. Det same gjeld dersom opplysningar i fleire dokument kan koblast saman på ein slik måte at dei røper omstende som gjer det påkravd å unnta opplysningane frå innsyn.

Offentleglova § 24 tredje ledd første punktum

Det følgjer av denne føresegna at det kan gjerast unntak for innsyn for opplysningar når unntak er påkravd fordi innsyn vil lette gjennomføringa av straffbare handlingar. Opplysningar som er av ein slik karakter at dei kan vere nyttige ved gjennomføring av straffbare handlingar kan unntas frå innsyn etter denne føresegna. Det må vere ein vis fare for at opplysningane faktisk vil bli brukt på ein slik måte. Denne føresegna gjer også høve til å unnta opplysningar som kan gjere utanforståande oppmerksomme på moglegheita for utføre ein straffbar handling. Det kan til dømes dreie seg om opplysningar om kor viktig medisinsk utstyr er lagra. Opplysningar om transport av slik utstyr. Opplysningar om vakrutinar og beredskapsforhold m.m.

Offentleglova § 23 første ledd

Det følgjer av denne føresegna at det kan gjerast unntak for innsyn når det er påkravd av omsyn til forsvarlig gjennomføring av økonomi- lønns-, eller personalforvaltning. Opplysningar som kan svekke kommunens forhandlingsposisjon dersom de blir offentlig kjent kan unntas etter denne bestemmelsen. Dette kan f.eks gjelde opplysningar knyttet til kommunale kjøp av medisinsk utstyr og tenester etc.

Offentleglova § 12

Dersom kommunen har unntekte delar av eit dokument frå innsyn gjer denne føresegna høve til å unnta resten av opplysningane i dokumentet dersom:

- a) desse desse delane aleine vil gi eit klart missvisande inntrykk av innhaldet.
- b) det vil vere urimeleg tidkrevjande for organet å skilje dei ut.
- c) dei unnatekne opplysningane utgjer den vesentlegaste delen av dokumentet.